



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Per Stensland  
Telefon: 57 65 55 16  
E-post: [tbm@fmsf.no](mailto:tbm@fmsf.no)

Vår dato  
17.01.2011  
Dykkar dato

Vår referanse  
2010/14920 - 008  
Dykkar referanse

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

## Høyringsuttale til forslag om ny folkehelselov

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Sogn og Fjordane er positiv til forslag om ny folkehelselov som forpliktar fleire offentlege sektorar til å jobbe med, og samordne folkehelsearbeidet. Det er viktig at folkehelseperspektivet må inngå i både kommunal og regional planstrategi. Prinsippet om "helse i alt vi gjer" er ein viktig bakgrunnsfaktor i alt planarbeid. Først og fremst må det forankrast og gjennomsyre samfunnsdelen i kommuneplanarbeidet, men det må og nedfellast og operasjonaliserast i handlingsplanar for ulike sektorar.

Lovforslaget legg i større grad enn dagens regelverk opp til meir sektorovergripande, langsiktig og systematisk innsats. Helse i alt – prinsippet tilseiar at vi skal ta omsyn til helse i alle sektorar. Lova inneber også eit breiare perspektiv på kva som påverkar folk si helse, noko som tydeleggjer alle sektorar sitt folkehelseansvar.

Lova har ikkje same sektorovergripande fokus på statleg nivå. Fleire departement og direktorat enn Helse- og omsorgsdepartementet og Helsedirektoratet har sentrale verkemiddel i det primærførebyggjande folkehelsearbeid. Det gjeld mellom anna skule og utdanning, arbeid og velferd, samferdsle-, kommunal og regional, barne- likestilling og inkluderings- og næringsdepartementet og fleire.

Det er god dokumentasjon for helsegevinstar når det gjeld minst ein time fysisk aktivitet om dagen for barn og unge. For å få det til kan fysisk aktivitet verte timeplanfesta på alle alderstrinn. Auka kompetanse innan fysisk aktivitet og helse i høgskulesystemet (medisinutdanninga, helse- og omsorg), prisregulering av sunne/ usunne matvarer og tobakksfri skuletid er eksempel på godt dokumenterte tiltak i andre sektorar. Betre utbygde gang- og sykkelveggar ville truleg ha større folkehelseeffekt enn mange av dei eksisterande satsingane på idrettsanlegg.

Kompetanse og forskingsbehov på folkehelseområdet er svært mangelfullt i mange kommunar og elles i samfunnet. Det er lite omtala i høyringsnotatet. Skal folkehelsearbeid få betre vilkår og meir status, er det avgjerande at dette vert ein lovfesta aktivitet også i kommunane.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 05  
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
[post@fmsf.no](mailto:post@fmsf.no)  
Internett:  
[www.fylkesmannen.no/sfj](http://www.fylkesmannen.no/sfj)

Fylkesmannen bør ha tilsynsmynde på folkehelseområdet.

Med helsing

Anne Karin Hamre  
fung. fylkesmann

Linda Svori  
for Per Stensland  
fylkeslege

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.